
Fra: Odd Tøsdal <Odd.Tosdal@mattilsynet.no>
Sendt: onsdag 26. september 2018 15:31
Til: Merethe Tvedt
Kopi: Postmottak Meland
Emne: Uttale frå Mattilsynet til reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Offentleg ettersyn og høyring

Kategorier: Grønn kategori

Til
Meland kommune
Planavdelinga
Postboks 79,
5906 Frekhaug

Sendt pr e-post til postmottak@meland.kommune.no

Sakstittel: Meland kommune - Reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy

Mattilsynet sitt saksnr: 2018/209731 Dykkar ref:16/355 – 18/19076

Uttale frå Mattilsynet til reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Offentleg ettersyn og høyring

Vi syner til brev frå Meland kommune til Mattilsynet datert 17.09.2018.

Iflg planomtale 7.10 Kommunaltekniske anlegg - VA får planen ingen konsekvensar for kommunaltekniske VA-anlegg.

Når det gjeld private VA-leidningar er det private VA-leidningar innanfor planområdet, men Meland kommune har ikkje oversikt over omfang eller plassering.

Det er ingen registrerte drikkevasskjelder i området, iflg ROS-analysen utarbeidd av Sweco Norge AS.

Brot på VA-system er i ROS-analysen vurdert som ikkje relevant då tiltaket berre består av samferdsleformål.

Va-rammeplan datert 29.05.2018 er styrande for den vidare detaljprosjekteringa og byggjesakshandsaminga:

Det skal etablerast ein ny vassleidning frå eksisterande vassledning inn til tiltaksområdet, som skal forsyne planlagt bygg som er ei pausebu for sjåførar.

Tiltaket vert då kopla på eksisterande kommunal vassledning i Flatøyvegen.

Konsulent Sweco reknar med at denne leidningen er av tilstrekkeleg dimensjon til å forsyne bygget med vatn og tilfredsstillande trykk.

Planlagt vassledning og påkoblingspunkt til det kommunale leidningsnettet er illustrert i VA-plan.

Mattilsynet har ingen merknader til reguleringsplanen.

Med venleg helsing

Odd Tøsdal, seniorinspektør, veterinær
Mattilsynet, Region Sør og Vest, Avdeling Bergen og Omland

Telefon: 22 40 00 00

Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal

postmottak@mattilsynet.no

www.mattilsynet.no www.matportalen.no